

Gunnvald Grønvik
Vestvollen
2019 Skedsmokorset

05.12.2010

Litt BLS og NB-22 historikk

Med 30-årssoga til BLS som kjelde¹ har eg sett opp dette oversynet om skipinga av Oslo Fylkeslag (no BLS), og om kostnader og tilganger ved kjøp og utvikling av eigedomen NB-22.

Før skipinga. BUL vart skipa i oktober 1899, og leiaren Klaus Sletten inviterte til eit møte for å skipe eit fylkeslag alt i 1900. Det første ikkje til noko. 22. oktober 1919 vart det halde eit møte om saka i Studentmållaget etter initiativ frå leiaren Kaare Fostervoll.² Det vart då sett ned ei nemnd for å førebu ei skiping. Nemnda la fram eit framlegg til lover og drøfta arbeidsoppgåver og budsjett, men det syntet seg at laga ikkje var budde til å skipa eit fylkeslag på dette tidspunktet.

Bygdelaga hadde vanskar med å skaffe gode møterom, og det var og ein trong til husvere for studentar frå bygdene så det vart sendt inn søknader til staten om løyving til huskjøp. Det vart ikkje løyvd pengar til dette i 1922.

Skiping. I januar 1923 tok Edv. Os som var skrivars i NU initiativ til sliping av eit fylkeslag gjennom eit rundskriv til laga i Oslo der han m.a. peika på at landslaget trond eit fylkeslag for verksemda i Oslo og Akershus. 14. mars vart laget skipa i eit møte der BUL, Gudbrandsdalslaget, Hallinglaget, Hardinglaget, Romsdalslaget, Numedølen, Teleringen, Sunnmøringen, Vestmannalaget og Valdreslaget hadde utsendingar, medan Sognelaget hadde ein observatør. Første året meldte desse laga seg inn i fylkeslaget: BUL, leikarringen ”Dalebu”, Gudbrandsdalslaget, Hallinglaget, Hardinglaget, Romsdalslaget, Teleringen, Sunnmøringen og Valdreslaget. 9 lag med 2320 medlemmer (frå Bul-soga meiner eg å hugsa at Bul på denne tida hadde mellom 1400 og 1600 medlemmer).

Kjøp av bygget. Byggespørsmålet vart teke opp alt på det første møtet i arbeidsutvalet i det nye fylkeslaget, og ei nemnd vart peika ut. Ei utviding av pengelotteriet førte til ny søknad om støtte, og etter framlegg frå regjeringa vart det løyvt pengar i 1926 og i 1927. I 1926 følgde Stortinget regjeringa sitt framlegg og løyvde 100 000 kr. I 1927 auka Stortinget løyvinga frå regjeringa sitt framlegg på 100 000 kr til 150 000 kr.

¹ Krüger, Victor (red): *Oslo Fylkeslag 1923 – 1953*. Eige forlag. Enersens trykkeri, 1953.

² Då Oslo Fylkeslag feira sitt 30-årsjubileum var Kaare Fostervoll Kringkastingssjef i NRK.

Sosialdepartementet skulle godkjenne pengebruken. Middela sto først som innskott i Oslo Nye Sparebank. Det vart òg sett av middel til huskjøp i eigne fond i Fylkeslaget og i einskilde lag. Valdreslaget hadde meir enn 20 000 kr til rådvelde i fond, men dreiv òg eiga verksemd slik at det ikkje er klart kor mykje som vart nytta i NB-22. (Mi tilføyning: Laget hadde framleis eigarinteresse i Grensekaféen midt på 1980-talet).

Ragna Nilsens skole i NB 22 og 24 vart kjøpt for 152 000 kr sommaren 1927. Styret i Oslo Fylkeslag la inn bindande bod før Stortinget hadde gjort sitt vedtak om stønad dette året. Ein hadde søkt råd frå statens boligdirektør som ville rá til at dette vart godkjent av Sosialdepartementet. Skattetaksten var 155 000 kr for 650 kvadratmeter bygd grunnflate. Sosialdepartementet godkjente dette og ba boligdirektøren følje opp ombyggings og vølingsarbeid.

Ved opningsfesten i januar 1928 var presidenten og visepresidenten i Stortinget til stades. Bygget hadde då hyblar, kaffistove og to møtesalar. Sumaren 1928 vart det bygd på ei 4. høgd ut mot gata. Etterombygginga var det 100 hybelbuvarar, 2 møtesalar, kaffistove, leserom, vaktmeister- og tenarbustader og nokre kontor i garden.

Utvikling av bygget. I 1929 vart det vedteke å byggja ein ny sal – Storsalen – med plass til 200 sitjeplassar, framrom, garderobe og scene.

Oslo Helseråd meinte i 1930 at kjøkkenet i Kaffistova var for därleg. Kjøkkenet vart bygd om og samtidig vart Blåsalen ombygd og utvida med garderobe, ytterrom og kontor for Fylkeslaget.

Den gamle gymnastikksalen kallt "Halli" var ikkje teneleg og årsmøtet i 1933 ga styret i oppgåve å arbeide ut planar for nybygg.

Etter mykje fram og tilbake vart bygging i bakgarden sett i gang sommaren 1938. I januar 1939 var det kranselag og sommaren 1939 vart bygget teke i bruk. Dette bygget husa Halli, ei utviding av Storsalen og hyblane over Halli. Det var finansiert med eit lån på 275 000 kr frå AS Kristiania Hypotek og Realkredittbank. Oslo kommune hadde gitt trygd for lånet. Byggjekostnaden kom på noko over 300 000 kr.

Krigen og ny oppstart. Det var 20 lag med til saman 3786 medlemmer då verksemda vart avbroten som følje av nazifiseringa i 1942.

NB-22 vart nytta av tyskarane under krigen, og av engelskmenn ei tid etter, slik at Oslo Fylkeslag kom inn i eit svært nedslitt hus i september 1946. Det var rydda opp og gassa ut m.v. sommaren 1947. Takst over skadene gjennom krigstida sette skadene til 155 000 kr på bygg og 84 000 kr på innbu og lausøyre (i 1940-prisar).

Endeleg skadeoppgjer i 1948 var 246 305 kr på bygg og lausøyre og 14 118 kr for tap p.g.a. driftsavbrot. Det er nytta om lag 335 000 kr for å få garden i den stand han var i 1953.

Rikshospitalet disponerte delar av bygget (til sjukepleiarar) til i 1950, og då dei hadde flytt ut var det 115 gutar i Heimen, og sekretæren hadde bustad i 4. høgda. Den gamle ideen om ein jenteheim vart teke opp att, og det vart fremja framlegg om å reise ein jenteheim på tufta til NB-20. ”men då det bar til stykket sa staten beint nei. Og der står saka enno.”

Frå 30-årssoga tek vi med eit interessant oversyn over kva for lag og kor mange medlemmar BLS hadde i åra frå skipinga fram til 1952.

LAG SOM ER ELLER HAR VORE MED I OSLO FYLKESLAG

Bondeungdomslaget	frå 1923.
Dalebu Leikarring	» 1923—1925.
Gudbrandsdalslaget	» 1923.
Hallinglaget	» 1923.
Hardinglaget	» 1923.
Hordalaget	» 1936.
Håøyglaget	» 1932.
Lager for Folkemusikk	» 1935.
Namdalslaget	» 1940.
Nordfjordlaget	» 1931.
Nordmørslaget	» 1936.
Norefjell-laget	» 1935.
Oslo Søndanslag	» 1927.
Romerikslaget	» 1930.
Romsdalslaget	» 1923.
Røroslaget	» 1927—1931.
Setesdalslaget	» 1947.
Sognelaget	» 1934.
Solørslaget	» 1924.
Sunnfjordlaget	» 1930—1939. 1947—
Sunnmøringen	» 1923.
Sørlandslaget	» 1927.
Telelaget (Teleringen)	» 1923.
Valdreslaget	» 1923.
Vestmannalaget	» 1926—1928.
Vossalaget	» 1948.
Økern Leikarring	» 1924—1924.

TALET PÅ LAG OG MEDLEMER M.M. I OSLO FYLKESLAG

År	Lag med i samskipnaden	Samla medlemstal	Møter og festar i alt	Foredrag i alt
1923	9	2 320	—	100
1924	10	2 258	—	97
1925	11	2 073	163	95
1926	12	1 982	189	100
1927	13	2 155	205	83
1928	12	2 439	224	106
1929	12	2 426	233	123
1930	15	2 631	269	113
1931	16	2 672	310	132
1932	16	2 872	304	119
1933	16	2 804	—	127
1934	17	2 849	294	138
1935	17	2 888	325	120
1936	18	3 213	354	117
1937	19	3 331	350	99
1938	19	3 631	383	92
1939	19	3 882	323	89
1940	20	3 602	316	91
1941	20	3 786	318	113
1945	20	4 404	179	71
1946	21	5 170	398	151
1947	22	4 891	415	166
1948	23	4 968	386	163
1949	23	5 138	490	170
1950	23	4 750	482	168
1951	23	4 642	540	175
1952	23	4 477	530	149